

Årsmøte i Bore kyrkje 19. mars 2017 kl. 13:00

Nicolai innleia med å leggja vekt på at me er eit trusfelleskap, ikkje eit meiningsfelleskap. Viktig at me alle tek opp i oss visjonen: sett, famna og utfordra. Me må alle ta ansvar og hjelpa til med at alle finn sin plass og si oppgåve. Ungane må bli tekne på alvor og sleppa til i gudstenesta. Viktig at me vaksne erause slik at barna kan utfolda seg. Han ønskjer også at folk gir tilbakemelding til soknerådet om ting fungerer eller kunne vore gjort annleis.

Ivan – likekjønna vigselsturgi.

Dette året er liturgien vedteken og kan takast i bruk. Kvifor er dette viktig? Dette er kyrkjas lære. «Slik man ber, slik tror man». Derfor kan dette vera vanskeleg for mange. Endring må vera basert på bibelen. Mange meiner nok at bibelen ikkje er utgangspunktet for ny liturgi. Ivan vil ikkje vigsla likekjønna par og han vil heller ikkje bruka ny liturgi. Alle medlemmar har rett på å bli betjent frå kyrkja og har rett til å vigslast i Bore kyrkje. Prosten må sørgja for prest.

Jorunn frå Bore søndagsskule:

Eit viktig arbeid, heldige som får vera leiarar. To grupper: ei for barn i førskulealder og ei for 1. til 4. klasse. Dei største er hjelpeleiarar på skulegruppa sidan Tweens (for dei frå 5. klasse) ikkje er aktiv nå, pga mangel på leiarar. Trygt for hjelpeleiarar å få utfolda seg med å stå fram og snakka for andre barn. Dei er gode førebilete. Manglar leiarar i Søndagsskulen og oppfordrar andre i menigheten til å ta ein søndagsskule i ny og ne.

Solfrid – Kraftfor:

2016 var eit godt år: Dåpsskulen hadde rekordoppslutnad (67%) – 2017 var lik – 70% deltaking. Trangt i kyrkjestova og høgt lydnivå. Oppdeling i grupper dersom me er fleire leiarar. Lettare å få oversikt og kontakt med den enkelte.

Tårnagenthelg og Lys vaken hadde begge 64% deltaking – supert. Variert program og forskjellig undervisning. Kyrkjestova blir brukt, men me må vera kreativ korleis me brukar rommet for å få plass til alt me ønskjer å gjera.

Kraftfor er ein plan for alle døpte - og er i høgste grad misjon. Me når mange som ikkje er kjende med bibelske ord og handlingar. Treng plass, leiarar, utstyr og ikkje minst å få tid til å møta kvar einskild barn. Takk til trusopplæringsutvalet.

Johannes: konf.arbeidet.

Bore har fått delt ansvar – meir for oss sjølv. Utfordrande å ta over etter Karsten. . Mykje nytt og spanande. Årets konf.kull 48 stk. – veldig gode folk. Mange tema er gjennomgått: bibel, sorg, sosiale mediar, ta gode val osv. Nokre har også gått på ekstra Alpha-kurs. Mange vil bli med som Klekkarar vidare. Plassmangel er ei stadig utfordring, me får ikkje plass til aktivitetane. Umogleg å få tak i gym.sal, også for gruppesamlingar.

Utbygging

Det er sett ned ein komitè på 8 stk. for å sjå om det er mogleg å byggja eit fleirbruksbygg ved kyrkjestova –frittstående eller samanhengande. Eit fleirbruksbygg. Mykje arbeid skjer utanom kyrkja – kvardagar: ettermiddagar/kveldar. Me har behov for meir plass. Dette må me be for – få visdom om vegen vidare. Givartenesta kan aukast, kvar må tenkja over si teneste. Det er vår viktigaste inntektskilde. Me vil mykje, ingenting gjer seg sjølv.

Ordet fritt: her kom det mange gode innspel:

- årsmeldinga må kunngjerast for alle.
- imponert over mangfaldet. Plassmangel - også for eldre. Kjekt med orgel. 1. dagsfeiring er festdag i kyrkja – bør gjenspeila musikken. Salmekveld – supert. Forsongarar – også ved høgmesser, veldig kjekt med gode forkynnarar. Ta vare på **3-generasjonskyrkja i Bore**. Viktig med songar som kommuniserer bra. Kyrkja treng alle engasjerte kristne – i alle aldrar.
- korleis gjer me det i Bore/likekjønna liturgi. Ugrasbekjempelse. Riv ein bort ugraset, riv ein med seg mykje meir også (kulturplantene) . Overlata til meisteren sjølv.
- kjekt å få arbeida i denne kyrkja. Flott med tilbakemelding på tenesta. I sær frå mange kyrkjeframande. Kyrkja er ein viktig aktør i bygda.
- kjenner seg passiv i lærespørsmål, men har likevel eit ansvar, særleg for barna. Kjekt å få vera del av eit kyrkjesamfunn som tek imot folk utanfrå , er særst viktig og det blir referer til å møta ei mor i dåp – som ikkje er van med å gå i kyrkja. G-2 er kjekkare enn høgmesse, likevel fint med breidda.
- kjekt å vera med i sårbeidet: Leksehjelp 4. klasse: over 20 stk stiller opp denne hausten. Forkynnelse: alle kan Vår far i himmelen og Den vesle bibelen: «For så høgt...» . Spanande vidare og sjå om dette kan ha noko å seia når desse barna veks og vert konfirmantar. Alle må be for oppveksten til barna i bygda. Kjekt å høyra til her i ein menighet som er open for det meste .
- Kva kan gjerast for foreldra: konfirmantforeldra i sær?
- Kva samlar synspunkta våre: mangfald. Mange småborn for tida. Det er flott. Forskjellige gudstenesteformer, stor søking til kyrkja. Byggjeprojekt: mange går ikkje i kyrkja, men har eit sterkt forhold til kyrkja. Folk er ikkje likegyldig. Me må vera meir kreative og opne for å få med folk i dugnadsgjengen når me har byggjeprojekt. Bruka høvet til å famna gode krefter. Finna lågterskeloppåver til forskjellige.
- Kan byggjeprojektet bli rekna som eit misjonsprosjekt?
- Takk for mottaking i Bore kyrkjelyd . Verdifullt. Vart inkludert i ei smågruppe. Kjenner seg velkomen. Me (familien) vil vera her.
- Mangfald: vi er ikkje eit meiningsfellesskap, men eit trusfellesskap. Musikkinvolvering/kor: ikkje først og framst for å opptre. Modning gjennom fleire år. Folk i band, teknisk, lys/lyd som ikkje hadde vore med dersom dei ikkje hadde fått vore med i Håp. Bra å ha fått med Bjørn (kantor). Ønskjer fleire vaksne, 9-15 stk. i Håp pr. i dag.
- det musikalske er veldig viktig og me ønskjer fleire folk med – både med instrument og sang.

Tida framover: Sveitsarene kjem i august, siste helga. F. Botes kjem 12.-14. jan 2018.

Ca. 50 stk. (49 talde) + ca. 15 barn i kyrkjestova som kosa seg med film og snacks. (ref. Elin Anita)